



HØGSKOLEN I SØRØST-NORGE  
v/ Leif Kastdalen  
Postboks 235  
3603 KONGSBERG

Dato: 09.05.2018  
Vår ref.: 2018/232-30  
Saksbehandlar: jomragn  
Dykkar ref.:

## Ny søknad Tilskudd til vilttiltak - 2018 - Fjellets ressursgrunnlag

Det vert vist til dykkar søknad datert 15.01.2018 om tilskot til viltformål – til prosjekt «*Fjellets ressursgrunnlag*». Søknaden vart fremja i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet (ESS), der den har referanse 18S7B0C8.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama sak om tilskot til viltformål i møte 24.04.2018, sak PS 51/2018. Der fekk diverre søknaden avslag.

### Grunngjeving

Det vert vist til søknadsvurderingane i saksframlegget og til vedtaket i saksprotokollen.

Lenke til saksframlegg med søknadsvurdering: <https://bit.ly/2I0KDWi>

Lenke til saksprotokoll med vedtak: <https://bit.ly/2KmxbtY>

Som det går fram av saksframlegget er det den første fasen av prosjektet det er søkt om tilskot til. Den fasen dreiar seg om metodeutvikling for kartframstilling, som bør vere eit nasjonalt ansvar, for standardisering og kost/behov vurdering for forvalningsformål. Slike kartdata vil også ha fleire bruksformål og overføringsverdi til andre alpine område. Til dømes var SatNat-programmet, som er nemnt i søknaden, eit nasjonalt samarbeid mellom Miljødirektoratet og Norsk Romsenter. For villrein er det søkt Miljødirektoratet (sentralt) om tilskotsmidlar. I det omsøkte prosjektet er rype den einaste arten som kjem inn under fylkeskommunen sitt vilt-forvalningsansvar.

### Klage/partsinnsyn

Det er klagerett på vedtak om midlar til viltformål, då desse er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 28.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Jomar Ragnhildstveit på epost [jomar.ragnhildstveit@hfk.no](mailto:jomar.ragnhildstveit@hfk.no), eller telefon 976 66 576. Lukke til vidare med dykkar arbeid!

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*